



**Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Agnes Mowinchels gate 5
5020 BERGEN**

Vår ref. 13/249- 10
Jp.id. 16/12124

Saksh. Eva Wiberg
Tlf. 53671514

Arkiv
N - 245

Dato
09.12.2016

Søknad om utsetjing av sluttrapport for midlar til kartlegging og verdisetjing av friluftsområder i Ullensvang

Viser til telefonsamtale med sakshandsamar Erik Knive, 05.12.16, om utsetjing av sluttrapport.

Viser og til dykkar brev datert 19.04.2016 om tildeling av midlar til kartlegging og verdisetjing av friluftsområder.

Ullensvang herad vart tildelt kroner 60 000.- til kartlegging og verdisetjing av friluftsområder og kroner 30 000.- til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard for innlegging i Naturbase.

Ullensvang herad har av fleire grunnar ikkje kome i gang med arbeidet, mellom anna har nøkkelpersonar for igangsetjing av prosjektet slutta i stillinga si hos oss.

Me har vore i kontakt med Bergen og Omland Friluftsråd om hjelp til arbeidet med prosjektet. Det har tatt tid å fått avklart om dei kunne hjelpa oss med dette, men det er no klart at dei kan hjelpa oss med prosjektet frå nyttår 2017.

Me ber difor om meir tid til å få sett i gang og fullført prosjektet, og utsett frist til desember 2017 med å levera sluttrapport for arbeidet.

Med helsing
Ullensvang herad

Eva Wiberg
Rådgjevar

Kopi til arkiv og kopibok